

Det er i  
tidsskrifta  
ting skjer!

# Tal og talbruk

Overdriven talbruk i tekst er ein lesestoppar, særleg dersom det blir reine reknereisa av det, til dømes når skribenten på død og liv skal ha med både nominelle tal og prosentlar for alt. Generelt er det ein god regel å ha færrest mogleg tal i løpande tekst. Det finst folk som rett og slett skyr taltunge tekstar.

## MANGE TAL

Store mengder tal høyrer alltid best heime i grafar, faktaboksar, matriser og tabellar. Då greier ein seg med å gjenta dei viktigaste i teksten. Det er heller ingenting i vegen for å bruke fleire faktaboksar, tabellar, etc. i same skriftstykket.

## NØYAKTIGE TAL

Somme gonger må talet vere presis, med desimalar og det heile. Skal ein skrive om rentesatsar, er det ingen veg utanom. Likevel er det slik at mange tal kan gjerast omtrentlege. For dei fleste praktiske formål er vel 1,3 millionar like bra som 1 323 759. Og 79 prosent kan vi i dei fleste tilfelle skrive som fire av fem, eventuelt åtte av ti.

Er det mange prosenttal det skal gjerast greie for, er brøkar ofte nyttige. Pass berre på at det ikkje blir eit virvar av brøkar – to av tre, tre av fire, fire av fem – i same teksten. Då er det truleg best å halde seg til ein fast målestokk, helst titalssystemet.

## STORE TAL

Dei fleste av oss har trøbbel med å forstå svært store tal, til dømes kor stort Statens pensjonsfond utland eigentleg er, kor mykje dei tener eller taper per år og kva dette kan ha å seie. Då kan det vere lurt å finne noko å måle det mot – Aftenposten skreiv for eksempel etter katastrofeåret 2008 at fondet hadde tapt så mykje at det kunne byggjast eit operahus i kvar kommune her i landet for summen. Sjølv om vi ikkje veit kor mange kommunar det er eller nøyaktig kva Operahuset kosta, er det likevel illustrerande.

## SAMANLIKNINGAR, MÅLESTOKKAR

Tal blir lettare å forstå dersom vi finn eit samanlikningsgrunnlag. Det gjeld særleg

- Pengar (budsjettsummar kan fordelast på innbyggjarar, elevar, sosialklientar, osv. )
- Avstand (fire gonger rundt ekvator er lettare å begripe enn 160 000 kilometer)
- Flatemål (eit praktisk eksempel: «Vatnajøkull er 8520 kvadratkilometer stor, det vil si at den dekker et område på størrelse med Rogaland fylke»). Unngå gjerne fotballbanar
- Volum (her krevst det litt fantasi, men 20 000 kubikkmeter stein er omtrent 2 000 lastebillass)

## SKRIV TAL RETT

Store tal skal normalt ordnast i grupper på tre og tre siffer, altså 2 500 000, 1 300 000 000. Firesifra tal skriv vi likevel samanhengande, 3000 meter.

Punktumet som har sneke seg inn mellom sifra, som i 2.500 og 100.000, kjem av at orddelingsprogram ikkje greier å dele rett utan punktumet. Det er blitt så vanleg at det truleg må akseptertast.

Små tal skriv vi med bokstavar. Tal til og med tolv blir rekna som små, altså «fem år gammal», «tolv mann». Det er likevel ikkje slik at vi må skrive større tal med siffer. «Førti mann», «femten glade jenter» er sjølvsagt heilt greitt. Det viktige er ordbiletet: «trehundreogførtisjotusenfirehundre» er ugjenkjenneleg og meiningslaust.

I same setninga, og gjerne i same avsnittet, prøver vi å lage konsekvens, og vel enten siffer eller ord: «Dei hadde tre jenter – åtte, femten og tjue år gamle», «fangsten var 2 kilo torsk, 12 kilo hyse og 60 kilo sei».

Tal vi snautt nok oppfattar som tal, runde og omtrentlege tal skriv vi med bokstavar: «Tusen takk!», «ei fjorten dagars tid», «der kom millionen min inn på konto», «dei siste tusen åra», «det har regna dei siste hundre dagane». Det heiter også «hundrevis», «tusentals», «milliardar» med bokstavar.

## TAL OG MÅL

Når talet står med forkorta måleeining, bruker vi siffer: «5 kg, 1000 km». Når vi skriv måleeininga heilt ut, er det valfritt å bruke tal eller bokstavar. Hugs (bokmål) at forkorta måleeiningar ikkje tar genitiv. Det heiter altså «fem kg overvekt». Dersom vi skriv eininga heilt ut, skal vi derimot bruke genitiv: «Fem kilos (kilograms) overvekt».

Etter brøk bruker vi eintal av substantiv. Det heiter altså «to og ei halv side», «tre og ein halv million». Motsett når vi bruker desimalar. Då er det «0,1 gradar», «1,5 millionar». Unntaket er når talet etter kommaet er 1. Då er det valfritt å bruke eintal eller fleirtal. Det enklaste er å vere konsekvent.

Etter null er det fleirtal. Det heiter «null gradar».

Samansetningar med tal (grunntal) skriv vi med bindestrek etter talet, «50-årsdag, 100-årsfeiring». Når det er rekkjetal, skriv vi «17.mai-tog».

## NOKRE ORD OM HUNDREÅRA

Det rår ofte full forvirring om hundreåra. Det enklaste er igjen å vere konsekvent. Skriv «1700-talet» om det som skjedde då, sjølv om det også kan heite det «attande hundreåret». Skriv også «1980-åra», ikkje «80-åra». Dersom du også unngår «80-talet», er det ingen som kan vere i tvil.